



Osterøy kommune

Dato: 20.10.2015  
Vår ref.: 2014/13696-18  
Saksbehandlar: lisadla  
Dykkar ref.:

## Høyringsuttale - Trafikksikringsplan 2015-2019 for Osterøy kommune

Det vert vist til dykkar høyringsbrev av 28. august 2015.

Etter Hordaland fylkeskommune sitt syn har Osterøy kommune gjort eit godt og grundig arbeid i framlegg til ny trafikksikringsplan. Planen har ei god forankring i nasjonale og regionale målsetjingar, og fyl med det opp det nasjonale nullvisjonsarbeidet. Vår vurdering er at planen er godt balansert mellom utfordringar, mål, satsingsområde og tiltak. Trafikksikringsplanen har ein god struktur, og handlingplandelen (8.0) gjev ein god oversikt over tiltak og med tilhøyrande ansvarshavarar.

I sin uttale vil Hordaland fylkeskommune særleg trekkje fram planen sitt fokus på «Trafikksikker kommune». Som kjend er dette eit av dei viktigaste tiltaka som Hordaland fylkeskommune, i lag med Trygg Trafikk, har på trafikksikringsområdet i denne planperioden. Vi ser det som svært positivt at «Trafikksikker kommune» vert tillagt slik stor vekt i denne trafikksikringsplanen, og at kommunen tek sikte på å verte godkjent som trafikksikker kommune.

Etter vår vurdering så er dette framlegget til ny trafikksikringsplan eit godt verktøy for trafikksikringsarbeidet i kommunen dei neste fire åra.

I samband med at trafikksikringsplanen har lagt ute til offentleg ettersyn, har vi motteke eit brev med tilhøyrande tiltaksliste frå Tide som er bussoperatør i kommunen. Brevet er sendt til samferdselsavdelinga via Skyss, og lagt ved denne uttalen. Forslaga som går fram av brevet gjeld i all hovudsak fysiske tiltak på fylkesvegnettet. Samferdselsavdelinga har ikkje ressursar til å gjere ei vegfagleg vurdering av desse konkrete enkelttiltaka. Ut frå det som er teke opp kan det vere grunnlag for eit kartleggingsarbeid der bussoperatør, kommunen og vegeigar i lag med Skyss og Statens vegvesen deltek for å vurdere enkelttiltak på vegnettet i kommunen. Samferdselsavdelinga kan ta initiativ til ei slik kartlegging om kommunen ønskjer det.

John Martin Jacobsen  
leiar

Lise Fauskanger Ådlandsvik  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

1 Vedlegg. Innspel Tide Osterøy trafikksikringsplan